

Olje- og energidepartementet,
Einar Gerhardsens plass 1,
postboks 8148 Dep, 0033 Oslo

| | |
|------------------------------|-------|
| OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET | |
| 08 / 3599 - 69 | |
| DATO 08 FEB. 2009 | |
| AN | EKSP. |

Dykkar ref: Dykkar dato: Vår ref: bka Arkiv: Sakshandsamar: Kapstad Dato:05.02.09

Kommentar til endringar i energilova frå Sunnfjord Energi AS

Vi viser til høyringsnotat av 9.12.2008 "Forslag til endringar av lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m (energiloven)".

Sunnfjord Energi AS (SE) er ikkje høyringsinstans og vi set difor stor pris på å få kome med innspel på dette. Endringane som er foreslått vil berøre SE og mange kraftselskap i områder med potensiale for små kraftverk. Det er difor viktig at det nye energilova med tilhøyrande forskrifter vil fungere best mogleg.


Departementet foreslår å innføre ei tilknytingsplikt for produksjon for å sikre at samfunnsmessige prosjekt gjennomførast. Departementet understrekar at dersom ei samfunnsmessig produksjonsprosjekt krev nettinvesteringar, pliktar nettselskapet å utgreie, omsøke og eventuelt bygge nett utan ugrunna opphald, slik at det så snart som mogleg blir driftsmessig forsvarleg å tilknyte produksjonsprosjektet.

SE ynskjer å tilrettelegge for små kraftverk, men ikkje på akkord med kvaliteten på det nettet som skal byggast.

Formålet med den nye energilova er heilt samanfallande med SE sine interesser. Men ei gjennomlesing av høyringsnotatet avdekkjer nokre praktiske problemstillingar som ikkje er hensynteke. For å unngå for mykje usikkerheit og støy rundt tolking av dette, ser vi det som avgjerande med presiseringar.

Dette ynskjer vi å illustrere med nokre eksempel:

Den klassiske problemstillinga når det gjeld tilknytning av små kraftverk:




Figur nr. 1 viser aktuelle prosjekt på radial i Angedalen i Førde kommune.

Prosjekta ligg på ein radial frå Tefre sekundærstasjon. To kraftverk er knytt til, medan eit par er under behandling og resten er på planstadiet (klargjering for behandling). Dersom SE skal treffe med nettløysinga, må mest mogleg vere avklart før investeringa vert gjort. I dette tilfellet lyt eksisterande luftlinje rivast ned og erstattast med ei langt kraftigare dimensjonert for samtlege kraftverk i figur nr. 1. For at prosessen med tilknytning ikkje skal stoppe opp, ser vi det som einaste løysing å knyte til kraftverk fortløpande til nettet er fullt, t.d dei 3-4 fyrste. Deretter må vi vente på avklaringar på flesteparten av dei resterande før investering vert gjort. Dette er ei løysing som er til det beste for alle.

Det må tydeleggjerast at dei fyrste som har kome til også skal betale anleggsbidrag (dersom dei er varsla om det og veit om det når dei tek investeringsbeslutning) når det vert gjort nettførsterkingar. Då vil man oppnå mest mogleg knirkefri framdrift, gjennomsnittleg låge nettkostnader for produsentane og lite støy (det blir oppfatta som rettferdig).

Ei meir og meir vanleg problemstilling



Figur nr. 2 viser ei transformering til sentralnettet for å få ut krafta frå ei rekkje små kraftverk

Samfunnsøkonomiske analysar har ført til at ei 132/22 kV transformering er den rette nettløysinga i dette området. Tiltaket er eine og åleine triggja av kraftverka innteikna i skissa. Slik at det burde være enkelt å rekne ut anleggsbidraget til kvart enkelt kraftverk i dette tilfellet. P.g.a utydelege forskrifter (som virkar å laga ut i frå problemstillinga på forbruk) stoppar ting opp. Formuleringar som at det kun skal krevast anleggsbidrag i maska nett i ekstraordinære tilfeller osv, gjer forvirringa og handlingslamminga fullkomen. Det kan ikkje være slik at ein vel ei samfunnsøkonomisk dårlegare løysing for å ha rett til å krevje inn anleggsbidrag. Oppmodinga vår er difor å fjerne maska nett- formuleringar i forskriftene.

Denne saka her er forresten under behandling i OED. For å ha framdrift i tilknytninga av produksjon har vi valgt å knyte til Sandal og Bjørndal mot at dei betaler eit anleggsbidrag når nettførsterkinga er gjort. Dette (for Sandal) var kjendt (skriftleg dokumentasjon) når dei tok si investeringsbeslutning. Dei klaga imidlertid inn til NVE, så deiras oppfatning var at så lenge det er plass, skal dei kome gratis til. Her har vi fått ulike signal frå NVE. Dersom dei får medhald vil dei siste kraftverka betale for ein transformator som er dimensjonert for samtlege (også dimensjonert for Sandal og Bjørndal). Dette er fullstendig usolidarisk og opplevast som svært urimeleg av alle.

Oppsummert er den mest effektive oppskrifta å fylle opp nettet til det er fullt *samstundes som dei første* som blir tilknytt *også skal betale anleggsbidrag* for den nettløysinga dei også brukar. Då vil det gå raskt, lite støy og lettare for nettselskapa å treffe med nettløysinga.

Nettselskapa må også få rimeleg tid til å vurdere sannsynlegheita for kva kraftverk som får konsesjon, då dette er avgjerande for å bygge rett dimensjon på nettet.

10- års regelen

Dagens regelverk er slik at dersom nettselskapet forskutterer for ei nettløysing for framtidige prosjekt (kundar) har man kun rett til å krevje inn anleggsbidrag i 10 år. Dette gjer det mogleg for utbygarane å tilpasse seg regelverket og kan tene millionar på bekostning av andre kundar på å knyte seg til i år 11 eller seinare. Det er viktig å ha med seg at frå eit potensiale vert kartlagt til konsesjon er gitt, kan det ta 3-5 år. Deretter er det om lag 2 år byggetid. For kraftverk over 10 MW- som ofte triggjar tunge nettløysingar, er prosessane lenger. Vi er difor redd for at enkelt kraftverk vil tilpasse seg regelverket. Vi oppmodar om at 10-års regelen vert fjerna når det gjeld tilknytning av produksjon. Dette bør være uproblematisk sidan det er lett å halde oversikt over kva for produsentar som blir tilknytt i ein lenger periode enn 10 år.

Konsekvens for avkastning og tariffar:

Nettinvesteringane til SE for å knyte til kraftverka i området dreier seg om 2 inntektsrammer! Med dagens regime vil dette få konsekvensar for SE sin økonomi og for dei lokala nettareffane. Det er positivt at departementet tek tak i dette. NVE må kompensere for dette i den økonomiske reguleringa og det må etablerast ordningar som sikrar at tariffen ikkje vert for høg.

Konsekvensen for lokale nettareffar må takast på alvor. Dersom folk får ei oppfatning av at satsinga på små kraftverk fører til at deira nettleige går opp, vil dette sjølvsagt føre til motstand. Vi ser at nokre etter kvart opplever at dette kan bli konsekvensane. Dersom ein skal nytte utjamningsordninga over statsbudsjettet, må denne utvidast kraftig. Vi er skeptiske til at dette tiltaket er godt nok. Det bør difor settast inn sikkerheitsnett slik at ingen nettselskap får auka tariffar pga små kraftverk. Det er viktig å hugse på at tariffane allereie er svært høge i dei områda små kraftverk er, slik at ein toler ikkje meir auke. Krafta som blir produsert i vårt område, blir eksportert til sentrale strøk og då blir det heilt feil at vår kundemasse skal betale for dette.

Anleggskonsesjon på nett under 1 kV:

Det har utvikla seg ei praksis på at utbyggarane av små kraftverk skal bygge parallelle nett med eksisterande slik at dei sparar nettleige. Dette fører til ei rekke negative konsekvensar:

- kostnadsomvelting frå desse kundane til resterande kundemasse
- krav til to målarar for å rapportere inn brutto produksjon og forbruk til balanseansvarleg
- samtlege husstandar må være bak eit felles punkt. Alle må være einige om felles straumleverandør
- kundane kan ikkje krevje at nettselskapet rykker ut på feil
- kundane er ansvarlege for den tekniske tilstanden på nettet
- kundane er blir eit mini-nettselskap og skal i prinsippet levere NVE-rekneskap osv.

SE vonar at foreslått endring på at områdekonsesjonær skal bygge, eige og drive fordelingsanlegg med nominell spenning frå 230 V til 1 kV fjernar desse problemstillingane. Helst med tilbakeverkande kraft.

Oppsummert meiner Sunnfjord Energi følgjande endringar i energilova og tilhøyrane forskrifter er til det beste for netteigar, produsentar, eigarar og sluttkundar:

Netteigar kan sleppe til kraftverk fortløpande til nettet er fullt utan å misse eller få redusert rett til anleggsbidrag frå desse som kjem først til. Krava må være gjort kjendt for dei før investeringsbeslutning (til kraftverket) vert teken.

Nettselskapa må få rimeleg tid til å vurdere sannsynlegheita for kva som måtte kome av små kraftverk for å være istand til å koordinere nett og produksjon.

Fjern usikkerheit rundt rett til anleggsbidrag og maska nett for produksjon.

Fjern 10 – års regelen for produksjon.


Det er positivt at områdekonsesjonær skal bygge, eige og drive fordelingsanlegg med nominell spenning frå 230 V til 1 kV.

Det er flott at OED legg til grunn at NVE til ei kvar tid skal utvikle nettreguleringa slik at systematiske skeivheiter ikkje oppstår.

Unngå at lokale nettariffar går opp som følge av små kraftverk, samtidig som at nettselskapa får ei rimeleg avkastning.

Dersom Olje- og energidepartementet ynskjer meir utfyllande informasjon eller det er noko som er uklårt, kan ein av dei underteikna kontaktast.

Med helsing Sunnfjord Energi AS



Helge Robert Midtbø
-nettsjef-



Bjarte Kapstad
-siviling.-